

Velkommen til Gulatinget

Ordførar Trude Brosvik i Gulen har ein særleg grunn til å ynskje folk velkomne i sommar; tusenårsstaden Gulatinget skal opnast.

– Gulatinget var arnestaden for det norske demokratiet og fann stad i Gulen frå rundt år 900. I om lag 400 år møttest folket, kongemakta og etterkvart kyrkjemakta til årlege ting der lover vart utmeisla og folkestyret grunnlagt. Gulatingslova vart seinare malen for demokratiske lover i fleire land, fortel Brosvik.

Sogespel

No har kommunen, fylket og Kulturdepartementet gått saman om å markere Gulatinget på Floli, nokre kilometer frå ekspressbåtstoggen Sollibotn ved Eivindvik. Her er det ein familiepark på 150 dekar med fine turstiar. Sentralt i området finn vi tre verk av kunstnaren Bård Breivik: ei bålplate, den frittstående scenen Tinghella og den ruvande Tingveggen, som er sett saman av 22 monumentale skulpturar med variasjonar over sverdet og den kristne krossen. Alt er laga i kinesisk granitt og frakta den lange vegen til Gulen. Heile området er ope for publikum, og det er mange fine plassar å slå seg ned med matkorga på.

Tusenårsstaden vert offisielt opna av stortingspresident Jørgen Kosmo, fylkes-ordførar Nils R. Sandal og ordførar Trude Brosvik laurdag 27. august. Då vert det mange aktivitetar for heile familien. Kvar time kan ein sjå bitar av sogespelet «Håkon Adalsteinfostre i Gula» av Johannes

Heggland. Stykket har vore vist fleire gonger tidlegare med hundre skodespelarar, både profesjonelle og amatørar. Meir enn femti av dei vert no å sjå i vikingkostyme, spreidde over heile området.

Om sundagen vert det gudsteneste på Tusenårsstaden ved biskop Ole D. Hagesæter, som skal innvie plassen til bruk ved vigslar. Første parett har alt tinga plass i september.

1500 øyar

– Gulen kommune har nær 2500 innbyggjarar og omfattar mellom anna kring 1500 holmar og skjer. Landbruk og fiskeoppdrett er viktige næringsvegar. I Sløvåg sør i kommunen har vi eit industriområde med over 200 årsverk, fortel ordføraren.

– Dei mange idyllane ved sjøen gjer Gulen til eit eldorado for båtfolk. Mange har oppdaga at Gulen er ein flott hytte- og feriekommune. For turfolk har vi merkte turløyper til flotte utsiktspunkt, vi har dei 1000 år gamle steinkrossane i Eivindvik og andre fornminne som til dømes fiskarbondemuseumet, treskofabrikken og eit komplett vassbruksmiljø, seier Trude Brosvik, som vonar at tusenårsstaden Gulatinget skal vere med på å trekkje folk til kommunen hennar. Les meir på www.gulatinget.no.

[H.P. MARTINUSSEN]